

Marie Othilie Hundevadt, 13.11.2025

Innspel til Fellesskoleutvalet

Frå: Kunsten å lære, Innlandet fylkeskommune v. prosjektleiar Marie Othilie Hundevadt
Innleiing

Gjennom forskings- og skoleutviklingsprosjektet Kunsten å lære (2021–2025) har lærarar, kunstnarar og forskarar i nevropsykologi samarbeidd om å utvikle og teste ein ny pedagogisk modell. Modellen er prøvd ut i 16 ordinære barneskuleklassar i Noreg og Ungarn over to skoleår, og evaluert gjennom både kvalitative og kvantitative metodar. Prosjektet byggjer på eit breitt teoretisk fundament som kombinerer innsikt frå pedagogikk, nevropsykologi og kunsthøgskule. Teorigrunnlaget omfattar studiar av Eksekutive funksjonar (A. Diamond 2014), Kreativitet (Spencer 2012 / NOU 2015:8 Fremtidens skole), Performativ læringsteori (Østern et al. 2019), Handlingsbåren kunnskap (Norsk håndverkinstitutt / Godal), Kunst som erfaring (Dewey 1934/2005) og Posthuman pedagogikk (Nordin-Hultmann 2004). I tillegg er prosjektet forankra i ein kontekst- og behovsanalyse, og utvikla gjennom fleire pilotar som sikra at metodane vart prøvd ut, justert og tilpassa faktiske utfordringar i skulen.

Metode og evaluering

Intervensjonen vart utvikla i ein syklisk prosess med design, testing og justeringar. Lærarar var aktive medskaparar, og utvikla nye undervisningsstrategiar saman med kunstnarmentorar. I intervensjonen fekk elevane 48 veker med tverrfaglege undervisningsopplegg, der kunsthøgskule metodikk var kjernen, medan læringsmål og innhaldet i opplegget var henta frå LK20. Overskrifta og målet for alle opplegga var å tilby «uimotståeleg læring». Målet i Kunsten å lære har vore i tråd med det Helga Eng skreiv allereie i 1918 (sjå sitat), at kunsten skal vera eit prinsipp som ligg til grunn for all undervisning, og slik vil undervisning i alle fag kunne vekke glede og engasjement i elevane.

Prosjektet er evaluert gjennom kvalitative intervju med lærarar, elevar, skuleleiingar, kunstnarar og foreldre. I tillegg vart det gjennomført ein spelbasert kvantitativ test av eksekutive funksjonar, som viste lik utvikling i både intervensjons- og kontrollklassar. Den kvalitative evalueringa dokumenterer derimot tydelege endringar i motivasjon, samarbeid, inkludering og læringsutbytte – og gir eit rikt bilde av korleis Kunsten å lære bidrog til å styrke læringsmiljøet og gi elevane nye opplevingar av meistring og fellesskap.

Resultat og funn

Evalueringa viser fleire viktige effektar:

- Foreldre rapporterte om meir motiverte og glade barn
- Klasseromskulturen vart styrka: Elevane vart meir sjølvstendige, trygge og samarbeidsorienterte
- Elevar som strevde i tradisjonell undervisning fekk betre læringsutbytte og opplevde meistring
- Verdien av å «gjere feil» vart anerkjent, noko som fremja uthaldenheit, nysgjerrigheit og vilje til å prøve nye ting

- Lærarar og kunstnarar utvikla seg fagleg og fann nye, meningsfulle måtar å undervise på
- Likskap og inkludering vart styrka: Elevar med ulik bakgrunn og føresetnader fekk delta og lukkast på egne premiss
- Langsiktige gevinstar: Ferdigheiter som samarbeid og problemløysing vart overført til andre fag og situasjonar.

Samla viser prosjektet at kunstbaserte metodar kan støtte både fagleg og personleg vekst, og bidra til eit inkluderande læringsmiljø der alle elevar får betre føresetnader for trivsel og læring.

Anbefalingar

For å sikre at erfaringane frå Kunsten å lære kjem fellesskulen til gode, foreslår vi følgjande tiltak:

- Styrking av lærerutdanning: Lærarstudentar bør ha obligatorisk innføring i minst eitt kunstfag
- Vidareutdanning i tverrfagleg didaktikk: Etabler vidareutdanningstilbod med vekt på kunstfaglege verktøy, kombinert med økonomiske insentiv for skular som prioriterer dette.
- Kompetanse frå kunstnarar: Opne for tilsetjing av kunstnarar med pedagogisk kompetanse på lik linje med andre lærarar
- Forsøksskoler innan fellesskulen: Legg til rette for offentlege skular som vil prøve ut nye pedagogiske retningar og profiler, slik at erfaringar kjem fellesskapet til gode
- Drama som fag: Innfør drama i grunnskulen for å styrke kommunikasjon, samarbeid og kreativ problemløysing
- Bruk av prosjektkompetanse: Fellesskoleutvalget bør invitere inn ekspertisen frå Kunsten å lære i sitt vidare arbeid.

Avslutning

Erfaringane frå Kunsten å lære viser at kunstbaserte metodar ikkje berre fremjar kreativitet, men styrkjer dei grunnleggjande ferdigheitene som fellesskulen er sett til å utvikle: samarbeid, inkludering, meistring og djupare læring. Ein skule som fungerer for dei som strevar, vil fungere for alle.